

# Besøksforvaltning i Vestland

Juni 2022



# Innhold

1. Samandrag
2. Bakgrunn, mål og gjennomføring
3. Besøksforvaltning - innhold og rammevilkår
4. Fylkeskommunal rolle og samarbeidspartar i arbeid med besøksforvaltning
5. utfordringar innan besøksforvaltning

# Innleiing

Vestland fylke er det største reiselivsfylket i Noreg. I alt utgjer internasjonale gjestedøgn i Vestland fylke heile 21 % av internasjonale gjestedøgn i Noreg, og 66 % av alle internasjonale gjestedøgn i Fjord Norge-regionen (tal frå 2018). Noreg si sterkaste merkevarer i utlandet er fjordane, og med landskapet mellom Hardangerfjorden og Nordfjord, med storebror Sognefjorden i midten og Bergen som drivar har vi eit landskap som vekker merksemd over heile verda.

Prognosane frå UNWTO 2017 seier at tal reisande vil vekse sterkt dei neste 10 åra, og vi må sikre at vi tek i mot dei besøkande på ein god måte, slik at vi samtidig tek vare på samfunna våre.

Vi må òg sette oss i stand til å takle framtidig vekst. Vestland fylkeskommune har ansvar for å utvikle og forvalte samfunnet på ein god og rett måte, og reiselivsnæringa er ein viktig del av målet om å ha lys i husa og levande samfunn. Med unike bygder, sterke regionar og pulserande byar har vi i Vestland eit sterkt reiselivsprodukt som ein del av Fjord Norge-regionen.

Turiststraumane medfører eit behov for heilskapleg styring og langsiktig planlegging for handtering av turismen hos regionale og lokale aktørar. Dette gjeld ikkje berre på stadar med høgt besøkstrykk, men òg for reisemål som ønskjer å legge til rette for ei berekraftig utvikling.

Dei siste åra har mange kommunar i Vestland opplevd auka bruk av naturområde og fellesareal, samt at fleire stadar har erfart trengsel i by- og bygdemiljø og slitasje på fellesområder og fellesgoder. Fleire kommunar har kontakta fylkeskommunen for råd for korleis dei skal handtere desse utfordringane. Med dette som bakgrunn vart forprosjektet “Besøksforvaltning i Vestland” initiert.

Forprosjekt besøksforvaltning har som mål å:

- Identifisere Vestland sine største utfordringar innan område besøksforvaltning
- Utarbeide ein plan på korleis Vestland fylkeskommune kan løyse dei største utfordringane i eit hovudprosjekt inkludert pilotere moglege løysingar

1

# Samandrag



# Oppsummering

## Ei næring med vesentlege effektar for lokalsamfunn og øvrig næringsliv

Vestland fylkeskommune satsar på reiseliv fordi reiselivsnæringa spelar ei viktig rolle for å ivareta og utvikle arbeidsplassar i fylket, samt for å halde oppe store og små samfunn.

Overrisslingseffektane frå reiselivet er ein sentral grunn til at fylkeskommunen satsar på reiseliv. Heilårsturisme og eit meir berekraftig reiseliv skal vere til det beste for både innbyggjar og besøkande. Betre lønsemd gir grunnlag for fornying og ringverknadane for andre bransjar er stor.

Dei unike naturopplevingane i kombinansjonen kyst, fjell, fjordar og landskap samlar oss som region og set oss på verdskartet. Sjølv om reiselivet har relativt lav verdiskaping per sysselsett, er næringa svært viktig for lokal samfunnsutvikling, omdømmebygging rundt Vestlandet og som eksportretta næring.

Ei berekraftig utvikling av reiselivsnæringa, vil bidra til auka buattraktivitet, handel, matproduksjon og positive effektar for fleire andre næringar. Stimulering til samarbeid og produktutvikling er viktig, samt at regionen må ta eigarskap til korleis næringa skal utvikle seg. Næringa kan òg bidra til markedsføring av Vestlandet sitt næringsliv gjennom internasjonale konferansar og merkevarebygging rundt Vestlandet.

**Besøksforvaltning handlar om å sikre ei berekraftig utvikling av reiselivsnæringa, slik at denne gir eit positivt bidrag til lokalsamfunnet. Slik blir reiseliv òg ein drivar for positiv stads- og arbeidsplassutvikling.**

# Oppsummering

## Utfordringar innan besøksforvaltning

Ei av dei mest tydelege og største utfordringane for utvikling av eit berekraftig reiseliv i Vestland synast å vere mangel på langsiktig, heilskapleg og samordna ofte er uklar. Denne overordna styringsutfordringa påverkar i sin tur moglegheitene for å utøve besøksforvaltning i praksis.

Fylkeskommunen har sitt ansvar spreidd på tvers av fleire fagmiljø, og det er tydeleg uttrykt at kommunane ønskjer støtte frå fylkeskommunen i arbeid med utvikling av besøksstrategiar.

Kjeldene i forprosjektet etterlyser ein aktør som sit med oversikt, kan koordinere og peike retning - ein som tek på "leiartrøya". Vestland fylkeskommune kan ta denne rolla og vere ei kjelde til kunnskap, metodikk og nyttige verktøy.

6 hovudutfordringar der fylkeskommunen kan ta eit særskilt ansvar for framtidig utvikling:

1. Fragmenterte roller og ansvar i destinasjonsleiinga
2. For låg regional verdiskaping frå reiselivet
3. Infrastruktur for natur- og aktivitetsbasert aktivitet er ikkje dimensjonert for nivået på besøkande
4. Behov for betre styring av turisme i by- og sentrumskjeerne
5. Behov for trafikkstyring, kollektivtilbod og tilpassing til nullutslepp
6. Behov for planlegging, forvaltning og finansiering av fellesgoder

# Oppsummering

## Forslag til innhald i hovudprosjekt

Vestland fylke skal bli ein av dei fremste regionane i verda for berekraftige, naturbaserte opplevingar med høg kvalitet. Fylkeskommunen skal vere ein pådrivar for dette. I eit hovudprosjekt skal ein utvikle ein modell for ei langsiktig satsing der reisemålsorganisasjonar, kommune og fylke kan leggje til rette for ei strategisk og heilskapleg satsing gjennom følgjande innsatsområde:



Parallelt med gjennomføring av innsatsområde 1 - 6 gjennomføre pilotprosjekt i Vestland, og sørge for kunnskapsdeling og modelloverføring til fleire stadar i fylket



2

## Bakgrunn, mål og gjennomføring





# Bakgrunn og mål

## det er behov for systematisk arbeid med besøksforvaltning i kommunane i Vestland

### Bakgrunn

Reiselivsnæringa er ei av verdas raskast veksande næringar, og er peika ut som ei viktig framtidsnæring i Vestland fylke.

Vekst i talet gjester til Vestland medfører auka bruk av friluftsområde og med dette slitasje på natur, påverknad av dyreliv, naturinngrep, auka etterspurnad etter infrastruktur som parkeringsplassar ved utfartsstadar, veglommar for møtande trafikk og utvikling av eit betre kollektivtilbod. Andre utfordringar er konflikt med grunneigar, mangel på toalett/system for avfallshandtering og villcamping. Trengsel i byar og tettstadar er òg ei gryande utfordring nokre stadar, mens andre gjerne skulle hatt fleire turistar.

Ny nasjonal reiselivsstrategi\* peikar på betydning av å utvikle reisemål med fokus på kvalitet, sysselsetting året rundt og berekraft. Med ei styrt utvikling er potensiale for positive effektar frå næringa stort. Direkte gjennom auka lønnsemd og sysselsetting i næringa, indirekte gjennom reiselivsnæringa sine positive effektar for lokalsamfunn, handel, matproduksjon og fleire andre næringar. I dag tek ein ikkje ut potensialet.

Fleire kommunar har kontakta fylkeskommunen og bedt om råd om korleis dei skal leggje til rette i framtida. Med dette som bakgrunn vart forprosjektet “Besøksforvaltning i Vestland” initiert.

### Langsiktige mål for arbeid med besøksforvaltning

Effektmål: Reiseliv er definert som ei særskilt viktig næring for Vestland, og fylkeskommunen ynskjer å vere pådrivar for eit berekraftig reiseliv.

Resultatmål: ein modell for langsiktig satsing der reisemålsorganisasjonar, kommune og fylke kan leggje til rette for ei strategisk satsing og heilskapleg tilnærming til reisemålsutvikling og besøksforvaltning. Kunnskapen og modellane skal kunne overførast til fleire stader i Vestland



### Kva har vore resultatmål for forprosjektet?

- Identifisere Vestland sine største og mest presserande utfordringar innan område besøksforvaltning
- Identifisere pilotdestinasjonar for eit hovudprosjekt
- Utvikle prosjektplan for korleis Vestland fylkeskommune kan løyse dei største utfordringane i eit hovudprosjekt

# Gjennomføring

## brei involvering for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag og forankring for neste fase

Det er gjennomført ei omfattande datainnsamling i prosjektet, der fleire data- og kunnskapskjelder er nytta. Brei involvering, i tillegg til gjennomgang av relevante rapportar, planar og strategiar, har gitt god innsikt og eit solid kunnskapsgrunnlag.

### Spørjeundersøking

Alle kommunar i Vestland fylke vart oppmoda om å svare på ei spørreundersøking knytt til besøksforvaltning. Dette resulterte i 24 svar.

### Intervju

Ein har gjennomført djupneintervju med ei rekkje aktørar innan reiseliv og forvaltning m.a. større reiselivsverksemder, fleire destinasjonsselskap, aktivitetstilbydarar, FoU-miljø, statsforvalter, miljødirektoratet, Innovasjon Norge, DNT, SNO og Nærøyfjord Verdsarvpark.

### Dokumentgjennomgang

Styrande dokument for arbeid med reisemålsutvikling er gjennomgått og nytta som kunnskapskjelder i arbeid med utvikling av denne rapporten.

### Gruppeintervju/pilotar

I første fase av forprosjektet vart det valt ut to pilotområde frå reisemål med vesentleg vekst i besøksgrunnlag i Vestland fylke. Det var eit ønskje om at ein pilot skulle vere ein region, og at ein pilot skulle vere eit meir geografisk avgrensa reisemål. Følgjande pilotar vart prioritert basert på at begge områda dei seinare åra har erfart stor vekst i turisme:

- Hardanger som region
- Loen, Olden og dalføra Lodalen og Oldedalen som geografisk avgrensa destinasjon

Desse områda har vi innhenta ekstra informasjon om gjennom gruppeintervju av nøkkelinteressentar. Formålet var å belyse utfordringar og moglegheiter for reisemåla. Leiinga frå kommunane i Hardangerrådet og Stryn kommune deltok i desse innspelsmøta. I eit hovudprosjekt vil ein opne for at fleire kommunar kan delta i prosjektet.

3

# Besøksforvaltning - innhald og rammevilkår



# Besøksforvaltning kva ligg i omgrepet?

Besøksforvaltning handlar om å sikre ei berekraftig utvikling av reiselivsnæringa slik at denne gir eit positivt bidrag til lokalsamfunnet

Dette betyr:

- Heilskapleg, overordna planlegging og forvaltning av reisemål, inkludert bruk og forvaltning av natur og tettstadar/byar og ivaretaking av lokalsamfunn
- Gode opplevingar av turisme for for gjest og for innbyggjar
- Størst mogleg verdiskaping og sysselsetting i lokal reiselivsnæring
- Positive effektar frå reiselivsnæringa for øvrig næringsliv
- Tilrettelegging av natur og landskap med omsyn til berekraftig forvaltning av naturressursar
- Tilrettelegging for formidling av stadsidentitet, lokal historie, mattradisjonar og kultur

Det finst ingen nasjonal strategi for besøksforvaltning for reiselivet i dag, utover Miljødirektoratet sin rettleiar for besøksforvaltning for nasjonalparker og andre store verneområder. Miljødirektoratet kjem også med ein rettleiar for besøksforvaltning for områder med høgt besøkstrykk.

## Behov for heilskapleg styring og langsiktig planlegging for turisme hos regionale og lokale aktørar

- Det er behov for eit auka fokus på konsekvensar av turisme - positive så vel som negative
- Strategisk planlegging rundt reisemål og stadsutvikling kan føre til auke i lokal verdiskaping, meir attraktive lokalsamfunn og færre ulemper





# Destinasjonsleiing

## kva ligg i omgrepet?

Omgrepet destinasjonsleiing omfattar organiseringa av samarbeidet mellom aktørane som i fellesskap, formelt eller uformelt, leiar utviklinga på eit reisemål\*.

Dette betyr:

- God destinasjonsleiing føregår i eit forpliktande og langsiktig samarbeid mellom næringsaktørane, dei lokale interessentane, det politiske beslutningsnivået (kommunen) samt andre relevante og sentrale aktørar
- Destinasjonsleiinga peikar i denne samanheng ikkje automatisk på leiinga i eit destinasjonsselskap
- Kommunane har i hovudsak ansvaret for å igangsette og gjennomføre tiltak, med fylkeskommunen som sparringspart og kompetanseformidlar
- Skål reisemål kunne handtere den vidare veksten i reiselivet er ei velfungerande destinasjonsleiing ein føresetnad
- Korleis destinasjonsleiinga organiserer seg i praksis må dei involverte aktørane og lokale styresmakter avgjere

\*Nasjonal reiselivsstrategi 2030: Sterke inntrykk med små avtrykk, april 2021

### Utvikling og leiing av reisemål må skje i eit ansvarleg samspel

- Nasjonal reiselivsstrategi 2030 peikar at organisering og samspel på lokalt nivå er avgjerande for ei vellykka og berekraftig utvikling av reiselivet
- Lokale forhold vil variere og reisemåla må tilpasse organisering deretter
- Strategisk leiing, også lokalt i den enkelte kommune, rundt reisemål og stadsutvikling skal føre til styrka samspel, betre koordinering og langsiktig planlegging



Foto: Bergen Reiselivslag

# Rammevilkår

## Føringar og premiss for arbeid med besøksforvaltning

### NOU om reisemålsutvikling og besøksforvaltning i norske kommunar

Regjeringa oppnemde i august 2021 eit utval som skal levere ein NOU om reisemålsutvikling og besøksforvaltning i norske kommunar. Bakgrunnen er auken i norsk reiseliv som har skapt eit behov for ein gjennomgang av kommunane sitt handlingsrom blant anna når det gjeld å styre besøk, forvalte lokale fellesgoder og finansiere desse og andre reiselivsrelevante tenester.

Utvalet skal sjå på ei rekkje problemstillingar, mellom andre besøksforvaltning knytt til natur- og kulturressursar, m.a. korleis ein best kan tilrettelegge for auka bruk av naturen som reisemål utan at naturkvalitetane vert forringa.

Andre viktige tema er finansiering og forvaltning av fellesgoder, tilgjengelegheit, herunder om og ev. korleis kriterier for offentlege kjøp av transporttenester (tog-, buss-, båt og flyruter) kan inkludere reiselivet sine behov og potensial, regulering av cruisetrafikk, destinasjonsleiing og samarbeid på reisemål.

### Nasjonale reiselivsstrategi

I Noreg sin nye reiselivsstrategi er handteringsevne ein av fem hovudstrategiar.

Handteringsevne vert omtalt som evna til å vere godt førebudd på situasjonar som vert skapt av vekst i besøksvolum og reisestraumar.

Å ha god handteringsevne kan såleis seiast å vere eit resultat av god besøksforvaltning.

Det er vidare vist til at "god handteringsevne" vil variere mellom ulike typar reisemål, men at eit felles mål bør vere å "*sikre rette volum av rette gjester på rett stad til rett tid*".

Dette understrekar behovet for å ha verktøy og metodar for besøksforvaltning.

### FN's 17 bærekraftsmål, EU-taksonomi og Merket for bærekraftig reisemål

Nasjonale og internasjonale styresmakter set nye krav om grønare løysingar knytt til både til sjø-, luft- og landbasert transport for å møte krav om reduserte klimautslepp.

FN sine bærekraftsmål er blitt eit felles vegkart som stat, fylkeskommunar, kommunar og private og offentlege verksemdar ser til i plan- og utviklingsarbeid.

Berekraft er i ferd med å bli ein hygienefaktor i reiselivet, i destinasjonsselskapa og i norske kommunar. Dette kjem m.a. til uttrykk gjennom at fleire område er i prosess for å oppnå Merket for bærekraftig reisemål.

Auka krav og forventningar frå både styresmakter, samarbeidspartar og ikkje minst gjestene gjer at reiselivet må omstille seg til eit meir bærekraftig reiseliv, og med dette etablere system for besøksforvaltning.



# Rammevilkår

## Føringar og premiss for arbeid med besøksforvaltning

### Autorisasjonsordning for nasjonale turiststiar (MDIR)

Miljødirektoratet har etablert autorisasjonsordninga "Nasjonale turiststiar".

Nasjonale turiststiar er definerte område med svært stor attraksjonskraft og opplevingsverdi. Det er eit utval av stiar og turmål som gjennom langsiktig og heilskapleg planlegging tåler svært høgt besøk utan at natur-, kultur- og opplevingskvalitetane vert forringa og der det store besøket også skal bidra til lokal verdiskaping.

Autorisasjons- og tilskotsordninga er etablert som svar på utfordringane knytt til høge besøkstall. Det er eit krav at turmål som ønskjer å kvalifisere seg som Nasjonal turiststi må utarbeide ein besøksstrategi for område.

Rettleiar for "Besøksforvaltning i norske verneområder" er utvikla, og ny vegleiar for besøksforvaltning i område med mykje besøk er under utvikling. Vegleiarane vil vere gode verktøy til bruk i arbeid med besøksforvaltning.

### Regionale planar i Vestland fylkeskommune

Regionalt er det fleire kunnskapsgrunnlag og planar som set retning for reiselivet, og arbeid med besøksforvaltning, i Vestland, m.a.:

- Næringsplan med handlingsprogrammet
- Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033, med tilhøyrande handlingsprogram
- Temaplan for reiseliv (under utvikling)
- Grøn region Vestland som peikar på berekraftig reiseliv som ein av 11 nye verdikjeder som må realiserast for å sikre auka konkurransekraft
- Vestlandscenario, Scenario Fjord Norge 2030
- Tiltaksplan for reiseliv 2022 Vestland

### Lovverk og øvrige rammevilkår

Friluftslova er grunnlaget for friluftslivet i Norge og gir rett til fri ferdsel til fots og på ski i utmark. Dei viktigaste reglane finst i friluftslova, og gjeld uavhengig av kven som er grunneigar. Retten består i rett til opphald, bl.a. telting, bading, rasting, ferdsel og høsting. Når ein gjer seg nytte av allemannsretten oppstår det også ei plikt til å opptre hensynsfullt og varsomt.

Verneforskrifter og Plan og bygningslova er heimelsgrunnlaget for offentlig styring av arealbruk. I arbeid med arealforvaltning har kommunane ei sentral rolle gjennom si mynde til å vedta rettsleg bindande planar. Gjennom arealdel og regulering kan kommunen bestemme korleis areal skal brukast gjennom å fastsette planformål, omsynssoner og vilkår. I dette forprosjektet har fleire stilt spørsmål til om ein har god nok kompetanse knytt til mogleighetsrommet som ligg i dagens lovverk, f.eks. når det gjeld heimel for å legge ned restriksjonar, å ta betalt for fellesgoder og regelverk knytt til konsesjonar av persontransport. Det er peika på at dette er eit område det burde vore henta meir kunnskap om.

4

## Fylkeskommunal rolle og samarbeidspartar i arbeid med besøksforvaltning



# Kven kan påverke arbeid med besøksforvaltning?

## Vestland fylkeskommune

**Fylkeskommunen har fleire oppgåver når det gjeld arbeid med besøksforvaltning og oppgåvene er spreidd på tvers av fagmiljøa i fylkeskommunen**

Fylkeskommunen er ein pådrivar for auka verdiskaping i reiselivet gjennom dedikerte fagmiljø som følgjer opp temaplanar innan f.eks. reiseliv, lokalmat, landbruk, stadsutvikling og tilrettelegging for kulturopplevingar og friluftsliv

Fylkeskommunen utviklar infrastruktur og kollektive løysingar, og kan utvikle løysingar tilpassa turiststraumar på Vestlandet i si planlegging

Fylkeskommunen tilrettelegg opplæringstilbod som bidreg til sysselsetting og heilårsarbeidsplassar i reiselivsnæringa

Fylkeskommunen har forvaltningsansvar og er regional planmynde

Fylkeskommunen er posisjonert til å framskaffe kunnskapsgrunnlag som kan vere til nytte for fleire regionar

Fylkeskommunen har oppgåver knytt til å samordne reisemålsutvikling mellom nasjonale styresmakter, statsforvaltar, kommunar/havneselskap, landsdels- og destinasjonsselskap og næringsliv.



**Fylkeskommunen har ei sentral og koordinerande rolle i arbeid med utvikling av ein modell for besøksforvaltning i Vestland**

- Behovet for koordinering synast stort både innad i fylkeskommunen og i fylkeskommunen sitt arbeid med offentlege partnarar og andre interessentar
- Det er tydeleg uttrykt at kommunane ønskjer støtte frå fylkeskommunen i arbeid med utvikling av besøksstrategiar
- Viktige oppgåver kan f.eks. vere å etablere system for samskaping mellom fagmiljø, bistand i planprosessar, verktøy- og metodeutvikling og kompetanseheving
- Vi presenterer i det følgjande viktige samarbeidspartar for fylkeskommunen i arbeid med å etablere ein modell for ei langsiktig satsing på god besøksforvaltning i Vestland

# Kven kan påverke arbeid med besøksforvaltning

## Statleg styring

**Fleire departement og offentlege organ har viktige roller knytt til utvikling av reiselivet. Nærings- og fiskeridepartementet er utpeika til å samordne departementa sitt arbeid innan reiseliv**

Hurdalsplattformen peikar på reiselivet som ei framtidsnæring som skal bidra til å sikre verdiskaping og arbeidsplassar i heile landet. Det er vist til at destinasjonsselskap og regionalt samarbeid skal sikre grunnlag for lokalt reiseliv gjennom 9 definerte punkt, m.a. pilotprogram for reiseliv som støttar opp om lokal natur- og miljøforvaltning, godkjenningsordningar for guidar og utvikling av ordninga med nasjonale turistvegar

Statens Naturoppsyn er miljøforvaltninga sitt operative feltorgan som held oppsyn med at ei rekkje miljølover vert etterlevd på offentleg og privat grunn. Dei viktigaste oppgåvene er kontroll, informasjon og vegleiing, i tillegg til registrering, dokumentasjon, skjøtsel og tilrettelegging.





# Kven kan påverke arbeid med besøksforvaltning

## Statsforvaltar

**Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har ansvar for å følgje opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. Statsforvaltaren er dessutan eit viktig bindeledd mellom kommunane og sentrale styresmakter.**

Statsforvaltaren utfører ulike forvaltningsoppgåve på vegne av departementa som kan påverke ein destinasjon sitt arbeid med besøksforvaltning, m.a. innan fagområda landbruk og mat, samfunnstryggleik og beredskap, miljø, klima, plan og bygningsaker


Som forvaltnings- og tilsynsmynde har statsforvaltaren brei fagkompetanse og er med dette ein viktig kunnskapsformidlar

Statsforvaltar har ei rekkje utlysningar av økonomiske midlar som kan nyttast til tiltak som f.eks. tilrettelegging i naturen, vern av dyreliv og tiltak innan lokal matproduksjon og landbruksbasert forretningsutvikling

Kommunane kan no søkje om støtte til kommunedelplan for naturmangfald

Kommunane har ei avgjerande rolle i å forvalte naturen på ein god måte og slik bidra til å stoppe tapet av naturmangfald. No kan kommunane søkje om tilskot for å utarbeide ein eigen kommunedelplan for naturmangfald. Søknadsfristen er 1. februar.

Publisert 17.12.2021



Kunnskapsgrunnet

Digital naturmangfaldveke for kommunane i Vestland  
16.11.2021

# Kven kan påverke arbeid med besøksforvaltning Kommunane

## **Kommunane legg rammene for reiselivet gjennom rolla som samfunnsutviklar og plan- og forvaltningsmynde**

Kommunane kan inkludere arbeid med besøksforvaltning i samfunns-og arealplanar og vere førande for arbeid med besøksforvaltning på staden, m.a. i rolla som samfunnsutviklar

Kommunane har ei samordningsrolle mellom styresmakter, næringsliv og lokalsamfunn i arbeid med utviklingsplanar i reiselivet og er ansvarleg for å iverksette og gjennomføre tiltak knytt til besøksforvaltning i sitt område.

Gjennom sitt eigarskap i nærings-, havne- og destinasjonsselskap kan kommunane vere med å utvikle styring av destinasjonen og sette retning for arbeid med besøksforvaltning

Kommunane er lokal beredskapsmynde, og ein viktig samarbeidspart til beredskapsetatane og lokale redningsgrupper

Kommunane set også rammer for skjenke- og opningstider som kan påverke handels- og servicetilbodet på staden.



## **Kommuneplan**

Mål og strategiar 2020-2024



Vedteke i kommunestyret 16.02.21



# Kven kan påverke arbeid med besøksforvaltning Nasjonalparkar, verdsarvparkar og andre verneområde

**Styra for nasjonalparkar og verneområde har mynde for nasjonalparkar og andre store verneområder, og består av folkevalde representantar frå kommunar og fylkeskommunar.**

Styra og deira forvaltningsmiljø kan legge til rette for aktivitet og auka verdiskaping med utspring i nasjonalparkar og verna område, f.eks. bidra til etablering av turstiar, besøkssenter og autorisering av nasjonalparkkommunar

Parkane og deira samarbeidsmiljø er ein kunnskapsformidlar, og bidreg til utvikling av verktøy innan besøksforvaltning, m.a. gjennom utvikling av vegleiarar, merkevarebygging rundt parkane og designmalar for skilting og merking\*. Spesielt er verdsarvparkane sitt arbeid med besøksforvaltning, då særleg deira dialog med lokalsamfunn og grunneigarar, framheva som eit døme til etterleving for andre

Miljøa har mynde til å regulere all type ferdsel i heile eller deler av verneområde, m.a. av omsyn til dyreliv, naturressursar og naturmangfald



# Kven kan påverke arbeid med besøksforvaltning

## Regionale og lokale destinasjons- og utviklingselskap

**Fjord Norge AS og dei 8 destinasjonsselskapa jobbar tett mot reiselivsbedriftene, kommunane og andre næringar med marknadsføring og destinasjonsutvikling**

Fjord Norge og destinasjonsselskapa kan påverke styring av trafikkstraumar gjennom val av reisemål som vert løfta fram og korleis desse vert presentert. Dei kan òg påverke gjesten gjennom informasjon om turmål og oppfordre til god gjesteåtferd gjennom si marknadsføring

Fleire reisemål i Vestland har oppnådd Merket for bærekraftig reisemål, og fleire andre destinasjoner arbeider med å få dette på plass. Statusen inneber at destinasjonen over tid prioriterer arbeid med utvikling av ein bærekraftig destinasjon. Regionale og lokale destinasjons- og utviklingsaktørar kan vere initiativtaker og pådrivar for å starte arbeid med bærekraftig reisemål

Dei kan gjennomføre vertskaps- og besøksforvaltningskurs på destinasjonen og sette retning for næringa, og støtte reiseliv og næringsliv i arbeid med bærekraftig forretningsutvikling

Merket for bærekraftig reisemål



THOMAS RASMUS SKAUG

# Kven kan påverke arbeid med besøksforvaltning

## Verkemiddelapparatet

**Innovasjon Norge bidreg til utvikling av reiselivet gjennom m.a. tilskotsordningar, kompetansehevande tilbod, bedriftnettverksordninga og Merket for bærekraftig reisemål**

Visit Norway kan påverke styring av trafikkstraumar, m.a. i val og presentasjon av reisemål i internasjonal marknadsføring

Innovasjon Norge kan gjennomføre kompetansehevande tiltak for reiselivsnæringa og gi opplæring i beste praksis for besøksforvaltning, for eksempel kurs innan vertskap, guiding og berekraftig stiuutvikling

Tilskotsordningane i Innovasjon Norge kan stimulere reiselivet til å ta eit særskilt ansvar for tilrettelegging av fellesgode

Innovasjon Norge styrer utvikling av verktøyet Merket for bærekraftig reisemål og kan tilpasse dette med omsyn til beste praksis for god besøksforvaltning. Gjennom sine ordningar kan dei stimulere til at fleire tek dette i bruk

 Norway

## Nasjonal reiselivsstrategi 2030

Sterke inntrykk med små avtrykk



Fra reiselivet. Til regjeringen. April 2021

# Kven kan påverke arbeid med besøksforvaltning

## Reiselivsnæringa

**Reiselivsnæringa kan sjølve ta eit større ansvar for utvikling av fellesgode for sine gjester i samspel med lokalsamfunnet der dei har sin aktivitet**

Reiselivets evne til å bidra til utvikling av fellesgode vil variere avhengig av kapasitet, kompetanse og ressursar. Det finst likevel mange område der reiselivet sjølve kan eit større ansvar

Eksempel på område der næringa kan bidra til å gjere ein positiv forskjell:

- Involvering og engasjement i offentlege planprosessar
- Aktiv og open grunneigardialog
- Dugnadsprosjekt, t.d. stirydding og -merking, strandrydding.
- Samarbeidsprosjekt på tvers av bedrifter og stimulere til heilårs drift og heilårs arbeidsplassar
- Bidrag til å finansiere tilrettelegging av attraktive besøksmål
- Informasjon og ansvarleg marknadsføring, m.a. oppfordre til god gjesteåtfærd og omsyn til lokalsamfunnet

### Skålastiprosjektet i Jostedalsbreen nasjonalpark

*Eit kulturminne- og friluftslivsprosjekt  
- reparasjon av erosjonsutsett sti*



# Kven kan påverke arbeid med besøksforvaltning Havneselskapa

**Havneselskap står for drift og forvaltning av havnene, koordinerar anløp og krev inn havneavgift. Vestland har fleire større cruisehavner som fører til store turisttraumar til vestlandet. Det er eit mål å auke lokal verdiskaping frå cruisegjester**

Havneselskap står for store inntekter til eigarkommunane, og kan gjere ein positiv forskjell på fleire område som kan gagne lokalsamfunnet:

- Aktiv og open dialog om tilrettelegging av cruisepakkar og styring av trafikkstraumar
- Samarbeid med lokalsamfunn om utvikling av landbasert infrastruktur som løysingar for parkering, gangstiar, toalett, avfallshandtering mv
- Involvering og engasjement i offentlege planprosessar rundt styring av trafikkstraumane frå cruise
- Marknadsføre lokale produkt ovanfor rederia





# Kven kan påverke arbeid med besøksforvaltning

## Lokal medverknad

**Bygdelag, grunneigarar og andre lokale organisasjonar er viktige samarbeidspartar for særleg kommunane. Desse kjenner godt lokale forhold, utfordringar og moglegheiter og kan fungere som talerøyr for lokalbefolkninga. Det ligg eit potensiale i å engasjere desse i større grad i arbeid med besøksforvaltning.**

Lokalbefolkning og grunneigarar i områder med turisme er både vertskap og presmissgjevarar for reiselivet

Besøkande brukar lokalbefolkninga sine områder, infrastruktur og tilbod. Dialog og samarbeid med grunneigarar og lokalbefolkning er grunnleggande føresetnader utvikling av eit berekraftig reiseliv

Lokale tur- og idrettslag er viktige for merking, vedlikehald og utvikling av stinett og lokale tilbod





# Kven kan påverke arbeid med besøksforvaltning

## DNT

**DNT er ein aktør i reiselivet som tilbydar av overnatting, servering og turar.**

Organisasjonen bidreg blant anna til merking og vedlikehald av stiar, dei arbeider for å ta vare på natur og kulturveridar og har lokallag over store delar av Vestland.

DNT sit på god kompetanse om besøksforvaltning og blir ofte spurt om å bidra med ressursar i ulike prosjekt.



Foto: Bergen og Hordaland Turlag

5

## Utfordringar innan besøksforvaltning



# Besøksforvaltning

## Dei viktigaste utfordringane

**Eit formål i forprosjektet har vore å identifisere Vestland sine største og mest presserande utfordringar på området besøksforvaltning.**

Resultatet frå kartlegginga vert det i det følgjande presentert som 6 hovudutfordringar som fylkeskommunen i si rolle som samfunns- og næringsutviklar bør tilstrebe å finne løysingar på:

1. Fragmenterte roller og ansvar i destinasjonsleiinga
2. For låg regional verdiskaping frå reiselivet
3. Infrastruktur for natur- og aktivitetsbasert aktivitet er ikkje dimensjonert for nivået på besøkande
4. Behov for betre styring av turisme i by- og sentrumskjeerne
5. Behov for trafikkstyring, kollektivtilbod og tilpassing til nullutslepp
6. Behov for planlegging, forvaltning og finansiering av fellesgoder

Kunnskapsgrunnlaget byggjer på datainnsamlinga som er gjennomført i forprosjektfasen.



# Fragmenterte roller og ansvar i destinasjonsleiinga

## Behov for samordning

**Ei av dei største utfordringane for utvikling av eit berekraftig reiseliv i Vestland i dag synes å vere mangel på langsiktig, heilskapleg og samordna planlegging**

Reiselivsnæringa er fragmentert med stor variasjon i verksemdene i næringa (overnatting, handel, transport, aktivitet- og opplevelsesbaserte verksemdar, osv) og med ulik storleik. Fragmenteringa synes att i styrings- og ansvarslinjene: Det er opp mot 8 ulike departement som er premissgjevarar for utviklinga av reiselivsnæringa. Ein konsekvens er at ingen einskild aktør sit med leiartøya for den heilskapelege utviklinga av eit reisemålet. Nasjonal reiselivsstrategi slår fast at framtidens reiseliv ikkje kan bli utvikla så tilfeldig og lite styrt som i dag.

Når kommunane svarar på kven som er deira viktige samarbeidspartar i arbeidet med besøksforvaltning peikar dei på til saman 14 ulike aktørar (sjå kap. 4). I nasjonal reiselivsstrategi vert det peika på at fylkeskommunane bør ta ei koordinerande rolle. Kommunane melder også om at dette er ønska. At det ikkje er avklart kven som har "leiartøya", og kva oppgåve som sorterer under ulike aktørar fører ofte til frustrasjon, mangel på langsiktig planlegging og at involvering av næringa og lokalsamfunnet ikkje vert fulgt opp godt nok.



### Dei største utfordringane

- Kommune og destinasjonsselskap har avgrensa ressursar til å jobbe systematisk og berekraftig med god tilrettelegging
- Roller, ansvar og beslutningsmynde er ofte uklare når det gjeld arbeid med tilrettelegging, både i utviklings- og driftsfase
- Fravær eller mangel på planar for besøksforvaltning fører til at folk tek seg til rette utan å bidra
- Varierende eller manglande kunnskap om arbeid med besøksforvaltning
- For liten involvering av lokalsamfunn og / eller grunneigarar og rutinar for dette

*"Hos oss er det vi som har tatt ansvar, rett og slett fordi vi har tatt rolla som ingen andre har hatt kapasitet til. Vi har skapt møtearenaer. Vi koordinerer. Kommunane er stort sett så nedlessa at det ikkje klarar å jobbe med reiseliv. Det er vilje, men ikkje kapasitet", leiar i destinasjonsselskap i Vestland*

# For låg regional verdiskaping frå reiselivet

## Behov for satsing på lokale kvalitetar og produkt

**Det store fleirtalet melder om positive eller svært positive effektar frå turisme, m.a. i form av utvida service-, aktivitets- og friluftstilbod samt auke i omsetnad og sysselsetting. Det er eit ønskje å oppnå auka lokal verdiskaping frå besøkande, cruise spesielt.**

Reiselivet på Vestlandet er svært sesongbasert. Handteringsevne er ei utfordringar få veker i året, enkelte stadar. Det store bildet viser likevel ei næring som har ledig kapasitet 10 til 11 månader i året. Kun ein av kommunane svarte at dei vurderte omfanget av turistar til å vere “for høg”. Det store fleirtalet ønskjer seg fleire gjester.

I tillegg til natur kan Vestland by på ei rik kulturhistorie og sterke mattradisjonar, men desse er ikkje i like stor grad forvalta og formidla for gjestene til fylket . Forprosjektet «Ei rikare reise» i regi av Vestland fylkeskommune har gitt innsikt i kva problem som må løysast for at mat- og kulturopplevingar skal kunne auke attraktiviteten til Vestland. Ei vidareføring av prosjektet kan bidra til å auka lokal og regional verdiskaping frå reiselivet, og føre til at fleire får ta del i verdiskapinga, som igjen kan føre til større toleranse og forståing for verdien av turisme lokalt.



### Dei største utfordringane

- Sterkt sesongprega reiseliv
- Rekruttering av fagfolk til næringa, m.a. kokk, servitør og guide
- For svak lønnsemd og dårleg samsvar mellom pris og kvalitet.
- Verkemiddelapparatet gjev investeringsstøtte, men ikkje støtte til drift og vedlikehald
- Potensiale knytt mattradisjonar, kulturhistorie og verdiskaping frå besøkande er ikkje tatt ut
- Positive effektar frå reiselivsnæringa er for svakt kommunisert
- Opningstider på f.eks. restaurant, handel- og servicenæring er ikkje tilpassa turisme

*“Vi er for dårlege til å setje opp kassaapparat. Utan pengar kan vi ikkje drive business. Det må bli meir legitimt å tene pengar. På Filefjell må eg betale for parkering når eg skal på ski. Det er så bra! Kjelde i forprosjektet*



# Mangelfull tilrettelegging for natur- og aktivitetsbasert turisme

## Behov for infrastrukturtiltak

**Naturen er Norge si sterkaste merkevare. Reiselivet i Noreg inviterer gjester til å besøke og bruke naturen. Dette utløser behov for tilrettelegging og infrastruktur som tåler dette besøket.**

Innan natur- og aktivitetsbasert turisme synes hovudutfordringane å vere manglande eller lite utvikla infrastruktur og verktøy og finansiering for å få på plass dette. Fråvær av eller for svak tilrettelegging synes å vere ei av kjernene til konflikt. Kommunane gir sjølve ei omfattande liste over potensielle konflikter som følge av reiselivsaktivitet:

- konflikt med grunneigar om tilgang til areal, f.eks. ved utfartsområde
- manglande respekt for private eigedomsgrensar
- for svak styring av cruisegjester på land
- utbygging av hytteområde
- stor belastning på lokalt vegnett med konsekvens at dette vert et hinder for lokalsamfunn og landbruksaktivitet
- uønska belastning på friluftsområde

Fleire etterlyser ei avklaring på kva type reiseliv ein skal ha i framtida, kva type turistar vi skal ha og kven som skal ta ansvar for overordna utvikling?



### Dei største utfordringane

- Parkering, toalett og system for avfallshandtering ved utfartsårer
- Involvering av grunneigarar og lokalsamfunn
- Behov for raske resultat gjer at ein går rett på tiltak utan å kvalitetssikre desse gjennom ein besøksstrategi
- Marknadsføring av tilbod som ikkje er tilrettelagt for auka besøk
- Stiar, skilting og merking er ikkje god nok utvikla fleire stadar
- Slitasje på lokale dugnadsviljen over tid

*“Vi må bestemme oss for nokre områder med høg grad av tilrettelegging. Innbyggjarar må bli høyrte i tilrettelegging av naturen. Kor mykje inngrep skal ein ha? Kvar skal dei ulike aktivitetane vere lokalisert i vår region? Utviklar av naturbaserte aktivitetar*



# Styring av turisme i by- og sentrumskjerne

## Behov for kunnskap og logistikklysingar

**Styring og tilrettelegging for turisme i by- og sentrumskjerne handlar om sentrumsutvikling, kai-/havneforhold, transportløyningar, infrastruktur som parkering, toalett og avfallshandtering samt tilbod til turistar, næringsliv og lokalsamfunn.**

Det er særleg mangel på offentlege toalett, skilting, el-ladestasjonar og tømmeasjonar for bubil som vert omtalt som mangelfullt, men det er store variasjonar frå stad til stad. Fleire viser til at infrastrukturen er tilfredsstillande for dagens nivå av besøkande, men at det er usikkert om for eksempel tilbodet på ladestasjonar vil vere tilstrekkeleg i lys av forventa utvikling.

Opningstider vert løfta fram som ei utfordring både i sesong (opningstider tilpassa døgnrytmen til gjestene) og utanfor sesong (ønskje om å forlenge sesongen).

God styring av trafikk krev innsikt i ønskjer og behov til gjestene, men også i reisemønstre. For å utarbeide gode logistikklysingar vert det etterlyst kunnskap om kvar besøkande kjem i frå, kor lenge dei oppheld seg på dei enkelte attraksjonane (t.d. i Bergen sentrum) og korleis dei flyttar seg mellom ulike reisemål (t.d. Bergen, Hardanger, etc).



### Dei største utfordringane

- Mangel på offentlege toalett
- Skilting (eigdomsforhold og reglar hos Statens Vegvesen)
- Tilgang til ladestasjon
- For svak innsikt i trafikkmønster
- Bustadar for sesongarbeidarar er utfordrande på enkelte stadar med stort besøkstrykk
- Opningstider
- Beredskap ikkje tilpassa besøksgrunnlaget på staden

*“Øvst på ønskelista er verktøy for å få gode data for måling av besøk og utvikling. Vi ville brukt den informasjonen til å gje råd om opningstider og bemanning, informasjon om løyper og trafikkstyring. Kjelde i forprosjektet”* 33

# Trafikkstyring, kollektivtilbod og tilpassing til nullutslepp

## Behov for grønne kollektivtilbod

**Vestland fylke har stor geografisk utstrekning. Det er langt mellom Briksdalsbreen i nord til Bondhusvatnet i sør. Dei store avstandane har få grønne kollektive transportmoglegheiter.**

Det er estimert at 25 % av klimaavtrykket frå reiselivet kjem frå det stadsbaserte forbruket og 75 % frå transport til og frå reisemåla\*. Det er m.a.o. størst potensial for utsleppsreduksjon gjennom tilrettelegging for klimavennlege transportløyvingar.

Fleire viser til at kollektivtilbodet i Vestland er svært utfordrande, spesielt moglegheitene for å reise kollektivt og saumlaust mellom transportmetodar (buss, tog, båt). Kollektivtilbodet synest å vere tilrettelagt for innbyggjarar og i mindre grad turistar. Sjø-/fjordsamband er i liten grad teken i bruk som transportakse, og kunne avlasta vegstrekningar med høgt trafikkpress. Kunnskap om reelle trafikktiltal i høgsesong er nyttig innsikt for å kunne setje inn målretta tiltak.

Fleire etterlyser at det vert stilt strengare miljøkrav til tilbydarar av transport. At verdsarvområda er pålagde strengare miljøkrav enn andre reisemål vert av enkelte oppfatta som uheldig og lite tenleg i det stor bildet.



### Dei største utfordringane

- Kollektivtilbodet er i liten grad tilpassa turistradikk
- Ved nokre cruisehavner er det samla besøkstrykket til tider så stort at vert trengsel
- Talet på ruteløyver (konesjonar) er ikkje avstemt med behov eller koordinert mtp rutetider, informasjon osv.
- Vinterstengde fjelloverganger og tidsavgrensa turistruter gjer det meir utfordrande å etablere heilårstilbod
- Stor trafikkbelastning på lokalt vegnett
- ÅDT som grunnlag for infrastrukturtiltak kan gje eit skeivt bilede då døgntrafikken i høgsesongen kan vere betydeleg høgare

*“Fylkeskommunen må ta ha eit heilskapserspektiv i samferdslearbeidet. Tildel konsesjonar etter behov og tålegrense. I Aurlandsdalen er det ruteløyve til 3 aktørar. Det blir eit kaos. Kjelder i forprosjektet*

# Planlegging, forvaltning og finansiering av fellesgoder

## Behov for samordning

**Mangel på heilskapelege planar for strategisk utvikling av reisemål og lokalsamfunn skaper utfordringar. Det kan føre til at tiltak som vert gjort i større grad er brannsløkking enn resultat av ei planlagt utvikling**

Kun 1 av 23 kommunar har svart at dei har ein strategi for korleis jobbe med besøksforvaltning. 10 oppgir å ikkje ha tiltak knytt til besøksforvaltning i det heile. Arealplanar, sti- og løypeplanar og plan for tilrettelegging av infrastruktur er verktøy som i ulik grad er utvikla på dei enkelte reisemåla. Varierende kompetanse og kapasitet er blant årsakene til at besøksforvaltning ikkje er høgare på dagsorden.

Kunnskap om korleis bruke f.eks. plan og bygningslova og friluftsløva er sentralt for å kunne utøve god besøksforvaltning. Forvaltning av fellesgoder inkludert tilrettelegging med infrastruktur er kostnadskrevjande. Mange etterlyser finansieringsløyser. Meir bruk av parkeringsavgift vert peika på som éi løysing, men avgifta avgrensar seg til sjølvkost. Det er ulike haldningar til ein "turistskatt", frå dei som ønskjer den svært velkomen til skepsis til innretning, administrative kostnader og at ei eventuell avgift vert belasta enkeltverksemdar.



### Dei største utfordringane

- For lite omsyn til reiseliv og turiststraumar i offentlege planar
- Behov for heilskapeleg tenking kring utvikling av reiselivet, sektortenkning må erstattast med samordning
- Dei mange ulike planane må bli sett i samanheng og peike i ei felles retning
- Lite diskusjon kring tålegrensa til dei enkelte reisemåla
- For lite kapital til å utvikle og vedlikehalde fellesgode
- Lokale løysingar for fellesgodefinansiering kan legge press på allemannsretten
- Varierende kunnskap til relevant lovverk og bruken av det

*“Det er ein haug med planar. Veldig mykje som handlar om kva vi vil, men korleis ta det ut i handling? Kunne nokon tatt ei overordna leiing? Alle driv med sitt: fylkeskommune, destinasjonar, aktørar, hamner. Det vert for fragmentert.  
Aktør i reiselivet i Vestland*

# Kritisk for å lukkast



## Kritisk for å lukkast

---

- Tydeleg mandat for arbeidet med besøksforvaltning
- Intensjonsavtalar med pilot-kommunar
- Satsing over tid
- Tilstrekkeleg med ressursar / kapasitet til å følgje opp eit hovudprosjekt
- Tilstrekkeleg med kompetanse
- Framdriftsplan med leveransetidspunkt for milepæler i prosjektet



Foto: Visit Norway / Sogndal Skisenter Hodlekve